



Ørjan Lilleskare
Ikenberget 21 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1673 - 18/4998

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.02.2018

Orientering om saka gbnr 137/563 Alver

Vi viser til vårt brev datert 23.01.18 og påfølgjande e-postar i saka

Vi har drøfta saka dykkar i felles forvaltningsmøte med Teknisk drift vegavdeling og vatn- og avlaupsavdeling.

Vegavdelinga i Lindås kommune godtek ikkje trafikkspagl/sladrespegl som tiltak for å betre sikt. Bakgrunnen for dette er at slike spegl lett kan komme ut av stilling og gi feil bilete.

Tiltak som må gjennomførast er å etablere frisiko sone i avkøyrslle for dykkar eigedom og redusere mur i dykkar grense mot gbnr. 137/564, slik at også den eigedommen får tilfredsstillande frisiko i si avkøyrslle.

Vegen inn i området har ei 30km/t sone. Vegavdelinga i Lindås kommunen aksepterer frisiko sone på 3x20m som eit minimum. Hindringar i siktsona skal ikkje overstige 0,5m.

Med omsyn til avstand til offentleg leidningsnett så må det søjast om dispensasjon frå VA-norma i Lindås kommune som set ein minste avstand til leidningsnettet på 4 meter.

Det må i søknad dokumenterast at mur er forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalt leidningsnett, det er pårekeleg at det vert akseptert ein minste avstand mellom ytterkant mur og kommunalt leidningsnett på minimum 2 meter.

Eigedom gbnr. 137/565 har retta opp i tilhøva på sin eigedom knytt til eigen avkøyrslle og mur i avkøyrslle til eigedom gbnr. 137/566.

Eigedom gbnr. 137/564 har søkt om dispensasjon og har fått pålegg om å levere inn komplett søknad.

I tillegg til ovvannemnde er murar i heilskap plassert utanfor regulert byggegrense langs veg og krev at det vert søkt om dispensasjon frå byggegrensa.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

nabo og gjenboliste for gbnr 137_563

Kopi til:

Ørjan Lilleskare	Ikenberget 21 A	5911	ALVERSUND
------------------	-----------------	------	-----------

Mottakarar:

Ørjan Lilleskare	Ikenberget 21 A	5911	ALVERSUND
------------------	-----------------	------	-----------